

# Protokoll frå årsmøtet 2020 i Ulstein KFUK-KFUM

**Dato:** Tirsdag 25.02.2020 kl. 18.00-20.00

**Stad:** Fredheim

**Tilstades:** Ca 20 stk

**Andakt:** Arnt Ole Grimstad

**Orienteringssak** før årsmøtet formelt starta: Andreas Lunde informerte om vintertreff 2020 og viste ein film som er laga i etterkant. VT 2020 vart ein stor suksess, med positiv dugnadsånd i miljøet og svært fornøgde ungdommar.

## **Sak1/2020 Konstituering**

Møteleiar: Silje Kiperberg Aksnes

Sekretær/referent: Solveig Johnsen Dahl

Signere protokoll: Svein Arne Orvik, Christfried Kaul

## **Sak 2/2020 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling vart annonsert på facebook-sida til Ulstein KM. Silje Kiperberg Aksnes gjekk gjennom sakene for årsmøtet.

**Vedtak:** *Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste slik den ligg føre.*

## **Sak 3/2020 Årsmelding 2019**

Årsmeldinga vart skriven av Edith Voksøy Steinsvik. Årsmeldinga var printa ut på ark, og blei delt ut til årsmøtedeltakarane. Årsmeldinga blei ikkje lese opp i plenum, men deltakarane las gjennom under matykta, og fekk kome med innspel.

- Det kom eitt innspel frå valkomiteen: Det står i årsmeldinga at Judit Grimstad Hatløy sit i Bibeltime-nemnda i 2019-2020. Styret må spørje henne om ho vil site lenger, eller finne ein som tek over.

Årsmeldinga viste ellers at aktivitetane i Ulstein KFUK-KFUM har eit stort spenn, og når innbyggjarar i alle aldrar.

**Vedtak:** *Årsmeldinga frå styret blei godkjend av årsmøtet.*

## **Sak 4/2020 Rekneskap for 2019 og budsjett for 2020**

Arnfinn Hanstad gjekk gjennom rekneskap for 2019 og budsjett for 2020. Ulstein KM har stabil økonomi, det kom bl.a. inn 123.861 kr på Fredheimbasaren, som er den viktigaste inntektskjelda for Fredheim og arbeidet som har base der.

***Vedtak: Årsmøtet tok rekneskapet frå 2019 til etterretning, og godkjende budsjettet for 2020.***

## **Sak 5/2020 Val**

### **Styret:**

Leiar: Valnemnda klarte ikkje å finne ein ny leiar til styret, då ingen av dei spurte har ønska dette vervet. Leiar skal eigentleg verte valgt på årsmøtet. Årsmøtet har derfor vedteke at styret konstituerer seg sjølv på første styremøte. Andreas Lunde har fått i oppgåve å kalle inn til første styremøte.

Styremedlemmar:            Andreas Lunde (2019-2021)  
                                     Solveig Johnsen Dahl (2019-2021)  
                                     Hiljerd Holt Myrene (2019-2021)  
                                     Lars Erling Bjåstad Hovlid (2020-2022)  
                                     Line Lervik Aksnes (2020-2022)  
                                     Svein Arne Orvik (2020-2022)  
                                     Aud Janne Hatlebakk (2020-2022)

Varamedlemmar:            Torill Vågen Vattøy (2020-2021)  
                                     Thorstein Viseth (2020-2022)

Husnemnd (2020-2021):    Lidbjørn Vattøy  
                                     Jostein Kiperberg  
                                     Sigbjørn Halle  
                                     Gunvor Grimstad  
                                     Merete Dragsund  
                                     Evy Vattøy (utleige av Fredheim)

Valnemnd (2020-2021):    Anne Strand Kiperberg  
                                     Odd Arne Vikebakk  
                                     Knut Johan Rønningen

Kasserar (2020-2021):    Arnfinn Hanstad

Revisor (2020-2021):     Harald Nordahl

**Vedtak: Årsmøtet valde kandidatane ved akklamasjon inn i verva. Årsmøtet godkjenner at styret konstituerer seg sjølve, og vel leiar for eitt år på første styremøte. Sjå ellers kommentar om Bibeltime-nemnda under sak 3/2020.**


**Sak 6/2020 Matykt.**

Det vart servert kyllinggryte med ris og salat bestilt frå SUFH.

Ulsteinvik 11.05.2020


Signering:

Svein Arne Orvik



---

Christfried Kaul



---